



Meland kommune er ein del av Nordhordlandsregionen og nabokommune til Bergen. Kommunen opplever sterk folkevekst og har eit innbyggjartal på ca. 7.800. Det er god kollektivtransport til/frå Bergen med hurtigbåt eller ekspressbuss, og reisetida frå Bergen til kommunesenteret Frekhaug er under 1/2 time.

For å løyse og utvikle alle dei ulike oppgåvene kommune er tillagt treng vi engasjerte og kompetente medarbeidarar - som vil oppleve at arbeidsoppgåvene og bidraget deira er meningsfylt og del av eit viktig samfunnsoppdrag. Meland kommune har ei verdimelessig forankring som kjem til uttrykk gjennom visjonen vår "Eit samfunn for alle".

Kultur-og ungdomskonsulent - 70% fast stilling

Stillingsinformasjon

Det er ledig stilling som kultur- og ungdomskonsulent i 70% stilling ved tenestoområde kultur frå 01.11.16.

Arbeidsplass

Kulturtenesta i Meland driv bibliotek, kulturskule, frivilligsentral, kulturbasert ungdomsarbeid, kulturfagleg rådgjeving og administrativ sakshandsaming. Kommunen har ei sterk frivilligheit og er rik på lag og organisasjonar.

Arbeidsoppgåver

Sentrale oppgåver for stillinga vil vere:

- Utvikle og drifte kulturtilbod for ungdom
- Vere møtesekretær og ressursperson for ungdomsråd
- Gjennomføring av faste kulturhendingar gjennom året
- Generelt kulturarbeid og sakshandsaming
- Kontakt og samarbeid med lag og organisasjonar
- Styrke og vidareutvikle kulturtenesta i Meland kommune

Kvelds- og helgearbeid må påreknast.

Kvalifikasjonskrav

Søkjaren må ha høgare utdanning på bachelornivå innan kultur- eller ungdomsfag.

Anna utdanning med relevant praksis kan vurderast. Søkjaren må ha høg samarbeids- og gjennomføringsevne og god skriftleg og munnleg framstillingsevne. Det vil verte lagt vekt på kunnskap og erfaring frå ungdomsarbeid og personlege eigenskapar for stillinga.

Vi tilbyr

- Ein utfordrande og spanande jobb
- Hyggelege arbeidskollegaer
- Høve til å vere med å utvikle kulturtenesta i Meland kommune
- Løn etter gjeldande tariffavtale
- God pensjonsordning

Søknad vert å sende

Søknad skal sendast via vårt elektroniske søknadssystem.

Rettkjende kopiar av vitnemål og attestar skal takast med ved eventuelt intervju.

Generell informasjon

Godkjend politiattest som ikkje er eldre enn tre månader må framvisast ved tilsetting og seinast før arbeidstakar byrjar i stillinga.

Søknadsfrist 06.10.2016

Utlyst dato 20.09.2016

Vårref

596/16

Kontaktperson

Eirik Bouwer Utne, Konstituert leiar kultur, tlf: 56171059, eirik.utne@meland.kommune.no